

Vernetanken i byplanlegginga - Striden om trebyen Trondheim


Dag Kittang,
Institutt for byggekunst, historie og teknologi



Bryggene i Kjøpmannsgata. Foto: Anne J. Bruland

Dette foredraget har eg kalla Vernetanken i byplanlegginga - Striden om trebyen Trondheim. Med utgangspunkt i eksempel frå Trondheim vil eg snakke om korleis ulike byplanmodellar har utfordra kvarandre i tida etter 2. verdskrigen og korleis vernetanken etter kvart greidde å få fotfeste i byplandebatten .


Utviklinga av trebyen Trondheim starta her i Skipakrok for over 1000 år sidan. Her var det ei god hamn ved utløpet av Nidelva og Ladejarlane gav handelen nødvendig beskyttelse.



Trondheim i mellomalderen. Ill: Karl Fredrik Keller

Med tre som byggemateriale og med ulike byggeteknikkar utvida bebyggelsen seg sørover og vestover.

Tre var det vanlege byggematerialet i mest alle norske byar frå tidleg i mellomalderen og heilt fram til bybrannen i Ålesund i 1904, då innføring av murtvang sette ein stopp for mest all bruk av tre som byggemateriale i byane.



Trebyen i mellomalderen. Kjelde: Trondheims historie 997 - 1997

I løpet av dei litt over hundre åra som har gått sidan «Ålesundbrannen», har store delar av den bymessige trebebyggelsen gått tapt.



Ålesundbrannen 1904. Kjelde: Ålesund Museum

Mange hus er rivne, enno fleire har brunne, og i mange av byane våre er det berre restar att. Denne utviklinga har derimot vore vesentleg meir dramatisk i mange andre land som har hatt ein stor urban trebebyggelse. Av ulike grunnar er mange av dei historiske trebyane i Noreg i forholdsvis god stand, og står i dag

fram blant dei viktigaste bidraga Norge har til verdas arkitekturarv.

Trebyane vart stadig utsett for øydeleggande brannar. Men før murtvangbestemmelsane kom, vart dei stort sett bygde opp att med same materiale og stort sett i same byggestil. Det var stor motstand mot å byte byggeskikk og gjenreise byen med andre byggematerialar, med andre handverksteknikkar og til prisar som var mange gonger så høge som å bygge vanlege laftehus i tre. Etter store bybrannar vart byane stort sett reprodukserte etter det same mønsteret som før brannen. Trebyane har derfor røtter tilbake til mellomalderen både i byggeskikken og ofte også i bymønsteret.

Som eit viktig verkemiddel for å unngå dei store og katastrofale bybrannane, tok myndighetene etter kvart i bruk byplanen. I staden for den frie, terrengetilpassa utbygginga, skulle ei overordna regulering med breie gater hindre brannspreiing og sørge for at sløkkeutstyr kom fram. Dette representerte eit viktig brot med tidlegare byutvikling.



Cicignons byplan, 1681. Kjelde: Wikimedia

Etter storbrannen i 1681 fekk Midtbyen i Trondheim ei heilt ny regulering (Cicignons byplan) med breie gater og store kvartal. Men inne i dei store kvartala finn vi framleis mellomalderens gatenett der dei tronde og

krunglete veitene gir tilgang til gardsrom og gardsrombebyggelsen.

Etter to store bybrannar i 1841 og 1842 vart murtvangen innført i Midtbyen i 1845. Men då hadde det velståande borgarskapet i byen på utruleg vis rukke å gjenreise byen i tre, flottar enn nokon gong.



Søndre gate rundt 1878 Kjelde: Schrødersamlinga

Murtvanglovene vart eit viktig vendepunkt for trebyane våre. Sidan det ikkje lenger var lov å bygge nye trehus, og bygningar i ubrennbare materiale kunne byggast høgare og utnytte dei kostbare sentrumstomtene vesentleg betre, førte dette til at dei gamle trehusa vart därleg vedlikehaldne. Oftare og oftare vart dei rivne for å gi plass til nye og meir tidsriktige bygningar.




Trondheim ein sommardag 1859. Ill.: Dag Nilsen

Siste halvdel av 1800-talet var også ei veksttid for Noreg med ei kraftig urbanisering, og spørsmål om riving og fornying av gamle bystrøk var ofte framme. Men framleis var den norske byen ein kompakt treby der trehusa låg tett i tett, slik også i Trondheim.

Men byvekst og behov for bustader gjorde at spørsmål om riving og nybygging i dei gamle bystrøka vart reist med fornya styrke utover 1900-talet. Det var behov for ei meir effektiv utnytting av verdfulle sentrumsareal, ein betre bustadstandard og ei generell fornying av bygningsmassen i bysentrum.

I takt med modernismen si utbreiing dukka det på 1900-talet opp nye tankar om korleis den moderne byen skulle utformast. Men desse ideane var ofte så radikale at lite vart gjennomført. Dermed vart den historiske bykjerna spart enno ei stund.



Ilustrasjon av Sverre Pedersens plan for Midtbyen.

Kjelde: Trondheims historie 997 - 1997

Etter krigen auka derimot den politiske viljen og ikkje minst evna til å gjennomføre meir storstilte byutviklingsprosjekt, også i den historiske bykjerna. Samtidig vaks også motstanden mot å rive dei historiske byområda.

Med eksempel hovudsakeleg frå byplandebatten i Trondheim vil eg vise korleis eit nytt og radikalt skifte i byplanlegginga kom

i stand der vernetanken etter kvart fekk større plass.

Ulike byplandiskursar

Men først må vi gjere oss kjent med tre begrep som er viktig for forståelsen av moderne byplanlegging. Den franske arkitekturhistorikaren Françoise Choay peikar på at moderne byplanlegging kom som ein kritisk reaksjon på den industrielle revolusjonen som hadde skapt ein stor og ukontrollert byvekst. Planlegginga var heile tida på etterskot for å kunne løyse dei problema denne byveksten skapte. På den tida utvikla det seg ulike planleggingsretningar med svært ulike idear. Med utgangspunkt i Choay sine teoriar har eg valt å kalle desse planleggingsretningane:

- Den regularistiske
- Den rasjonalistiske eller funksjonalistiske
- Den kulturalistiske ideretninga

Den regularistiske ideretninga tar sikte på å tilpasse den eksisterande byen til nye behov. Det er ein pragmatisk modell der utvikling av lovgrunnlag, planleggingsmodellar og planleggingsverktøy var viktige eigenskapar.

Choay trekk også fram ein annan planleggingsmodell, **den rasjonalistiske** som ser framover, inspirert av visjonar om sosiale og teknologiske framsteg som den industrielle revolusjonen bar med seg. Det vart lagt vekt på å utvikle nye bymodellar med ein ny romstruktur med meir luft og lys, som ein kontrast til den historiske byen med sin komplekse og mangfoldige bystruktur. Denne modellen hadde visjonar om ein helt ny by, tilpassa det moderne industrisamfunnet. Denne ideretninga fekk ikkje noko gjennomslag før med funksjonalismens gjennombrot på 1930-talet.

Tankegodset som dannar grunnlaget for den tredje idéretninga, den **kulturalistiske** idéretninga har klare humanistiske trekk med røter i romantikken. Ein såg på byen som eit mangfaldig, sosialt og kulturelt miljø. «Kulturalistane» dyrka gjerne den førindustrielle byen og arbeidde for å oppretthalde dei kulturelle verdiane som kjenneteikna desse bysamfunna. Bymiljøarbeidet og modernismekritikken på 1970-talet ser ein gjerne som eit uttrykk for kulturalistiske idear.

Egenskapar	Ideretningar / diskursar		
	Regularistisk	Rasjonalistisk / funksjonalistisk	Kulturalistisk
Visjonar	Tilpassa den eksisterande byen til nye behov	Utvike visjonen om den funksjonelle byen basert på ny produksjonsteknologi	Utvike byen som sosial og kulturelt miljø
Aktørar	Ingeniøren, Økonomen, Juristen, Arkitekten	Eigedomsutviklaren, Arkitekten	Kulturarbeidar, Antikvaren, Arkitekten
Tilnærming	Vitskapleg	Teknologisk	Humanistisk
Uttrykksform	Pragmatisk	Dominerande	Kontekstuell

Egenskapar ved ulike ideretningar.

Ulike aktørar pregar ulike ideretningar. Den regularistiske idéretninga har vore dominert av eit juridisk, økonomisk og teknisk fagmiljø. Arkitektane dominerte den rasjonalistiske og den kulturalistiske ideretninga har hatt eit breitt nedslagsfelt der antikvarar, historikarar og ulike kulturarbeidrar har funne kvarandre. Denne ideretninga fekk etter kvart også ein meir folkeleg oppslutning.

Mitt utgangspunkt er at desse ulike idéretningane innan byplanlegginga er uttrykk for ulike diskursar der den regularistiske, den rasjonalistiske og den kulturalistiske diskursen har utfordra kvarandre i kampen om å vinne hegemoni i byplandebatten og i praksis.

Aktørar og institusjonar

Frå ein svak posisjon på 1960–1970-talet der trebyane var prega av forfall og trua av

byfornyingsplanar som innebar at dei gamle trehusmiljø skulle rivast og erstattast av meir «tidsmessig bebyggelse», styrka bygningsvernet seg utover 1980–1990-talet. Denne utviklinga var prega av viktige aktørar og kva posisjon sentrale institusjonar tok både lokalt og nasjonalt, men også internasjonalt. ICOMOS tok i 1970 initiativet til ei omfattande kartlegging av trebyane i dei nordiske landa, som vi kjenner til. Det vart også drøfta vernestrategiar og utviklingsmodellar.



Avslutningsrapport Trästader i Norden

Det var tydeleg at dette arbeidet hadde gjennomslagskraft. På avslutningskonferansen i Sandefjord i 1972, sa kommunalminister Odvar Nordli (Ap):

«De gamle nordiske trebyene, det vi har igjen av dem, representerer her noe enestående, også i verdensmålestokk. Vi gleder oss over dem, og erkjenner at de har verdier som bør tas vare på før det er for sent – vi tør ikke bli den generasjonen som lar dem forsvinne»

Ein må kunne undre seg over at mens rivingsraseriet raste som verst i mange av trebyane våre, uttrykte statsråden for

kommunepolitikken her ei slik begeistring og omtanke for dei nordiske trebyane.

I alle fall vart prosjektet «Den nordiske trebyen» ein viktig milepål i å etablere ein større forståelse for verdien av dei historiske trebyane – også her i Trondheim der viktige bymiljø i Midtbyen og på Baklandet vart dokumenterte.

Ein annan viktig milepål var Det europeiske arkitekturvernåret i 1975. Det vart foreslått at kvart land skulle peike ut tre–fire byar eller tettstader som skulle tene som pilotprosjekt for eit godt og effektivt bymiljøvern og vise korleis verneteoriar kunne settast ut i praksis. I Noreg vart «Gamle Stavanger», Bergstaden Røros og fiskeværet Nusfjord peika ut, alle verneverdige trehusmiljø og representantar for ulike trebytradisjonar.



Arkitekturvernåret vart ein milepål i vernearbeidet

Arkitekturvernåret kom til å bidra til ei utviding av vernetanken til også å omfatte trebyen som livsmiljø kom til uttrykk i riksantikvar Stephan Tschudi-Madsen si oppsummering av Arkitekturvernåret:

«Vi kan kort si det slik at mens man før vernet og bevarte av historiske og estetiske grunner, har vernetanken i dag fått et helt annet og sosialt menneskelig og samfunnsmessig idégrunnlag»

Denne utvidinga av vernebegrepet var viktig for vernearbeidet i trebyane og bidrog til å

styrke den kulturalistiske diskursen i planleggingsmiljø i landet og trebyane sin status.

Då UNESCO i 1978 starta prosessen med å få norske kulturminne inn på si verdsarvliste vart nominasjonen av Bryggen i Bergen og Bergstaden Røros eit uttrykk for den posisjonen dei norske trebyane hadde fått både nasjonalt og internasjonalt.

Så seint som i 1977 vedtok Bystyret i Trondheim verneplanen for Iloverkja som det første byområdet i Trondheim som vart underlagt vernebestemmelser. Dette skjedde om lag 20 år etter at Stavanger og Bergen hadde vedtatt sine første verneplanane.



Verneplanen for Iloverkja. Vert vedtatt i 1977. Foto: DK

Det er vanskeleg å forstå at ein i Trondheim kunne halde fram med å rive verneverdige trehus og trehusmiljø mens vernetanken etter kvart slo igjennom i andre byar i landet. Riksantikvar Stephan Tschudi-Madsen uttrykte si undring slik:

«Jeg var i Trondheim i to dager, og begge dagene begynte de å rive en 1700-talls trebygning. Slike vil neppe ha skjedd andre steder ... Forstår ikke byen sitt eget beste? ... Og man bør være forsiktig. For det skal ikke mye til før Trondheim – byen som helt til for noen år siden hadde karakter og personlighet – kan bli en triviell standardby»

Den svake posisjonen som bygningsvernet hadde på 1970-talet i Trondheim, kan ha fleire forklaringar. Det kan synes som om vernetanken ikkje slo igjennom i det politiske og faglege miljøet i byen før ein generasjon av sterke politikarar og planleggarar med røter i den regularistiske og rasjonalistiske byplantenkinga vart erstatta med nye aktørar i politiske og administrative posisjonar.



Riving av trehus i Midtbyen, Foto: Adresseavisen

Regularistiske og rasjonalistiske idear dominerer.

Den sterke posisjonen som den regularistiske diskursen hadde i Trondheim ser vi tydeleg i Generalplanen frå 1965. Byen skulle riggast for stor vekst og omfattande bruk av privatbil. Ingeniørar og økonomar hadde stor tru på å kunne rekne seg fram til sannsynlege trendar for samfunnsutviklinga både når det gjeld arealbehov og transportbehov.




Vegplanar i Generalplanen for Trondheim 1965

Ved hjelp av raffinerte transportmodeller rekna trafikkingeniørane seg fram til kapasitetssterke vegsystem som vart ein trussel mot viktige kulturmiljø både i Midtbyen og på Bakklandet.

Planleggarane hadde lita tru på at ein var i stand til å kunne bygge eit effektivt bysentrum på dei historiske strukturane i Midtbyen og forutsette at Midtbyens trehusmiljø gradvis ville bli borte. Vern av trebyen var på denne tida ein umleg tanke, sjølv om det var akseptert at ein må ta vare på enkelthus av kulturhistorisk interesse. I invitasjonen til ein nasjonal arkitektkonkurranse i 1962 om utforminga av Torget og Munkegata, heiter det:

«Man må anta at resten av den gamle toetasjes bebyggelse kommer til å forsvinne, og man må ta sikte på at den nye bebyggelsen kan skape et harmonisk hele som naturlig knytter seg til bebyggelsen i de tilstøtende hovedgater» (Norske arkitektkonkurranser 74 1962)

Dei premierte utkasta viste alle radikale løysingar med riving av dei i dag freda trepaléa rundt Torget, Svaneapoteket og Hornemannsgården, i tillegg til dei fleste toetasjes trehusa i konkurranseområdet. Berre Stiftsgården skulle få stå igjen.



Arkitektkonkurranse om utforminga av Torget og Munkegata

Kulturalistiske idear vinn fram

I 1968 kjøpte Trondhjem Sparebank tomta der Svaneapoteket ligg i dag og utarbeidde ein plan for å bygge eit nytt hovudkontor med tolv etasjar inn mot Torget. Planen innebar at eitt av dei to store trepaléa som omkransa Torget, Svaneapoteket, måtte rivast. Kommunen hadde planar om å rive det andre paleet på Torget, Hornemannsgården, for å gi plass for eit nytt rådhus. Rivingsforsлага skapte debatt, og mobiliserte brent med fakkeltog og appellar på Torget.



Demonstrasjon for vern av Svaneapoteket. Foto: Adresseavisen

Sjølv om mange innlegg drøfta dei antikvariske og arkitektoniske verdiane ved desse verneverdige bygningane, kom det i denne debatten fram eit nytt, viktig argument om at rivinga ville få konsekvensar for **identiteten til byen**. Kampen om vern av Svaneapoteket og Hornemannsgården var derfor ikkje berre ein kamp om å verne enkeltståande kulturminner, men etter kvart meir ein kamp om å ta vare på byens identitet, **Trondheims bybilde**



Svaneapoteket og Hornemannsgården. Foto: DK

Striden om Svaneapoteket kom til å bli ein milepæl i bymiljøvernet i Trondheim og resulterte i eit omfattande registrerings- og analysearbeid av verneverdige bygningar og bygningsmiljø som resulterte i rapporten Trondheims bybilde. Denne rapporten kom til å skape eit viktig grunnlag for arbeidet med Midtbyplanen som vart vedtatt av bystyret i 1981 og representerte eit gjennombrot for vernetanken i byen der den la vekt på vern av trebyens karakter.

Nye nederlag for den regularistiske byplantenkinga

Det var likevel trafikkplanleggarane sine forslag som kom til å skape mest debatt i byen. Ikkje minst galdt dette den foreslalte hovudvegen over Baklandet, Baklands-tangenten. Vegen ville krevje riving av ein stor del av det verneverdige trehusmiljøet. Det var derimot ikkje så lett å sjå verneverdien av området. Forfallet hadde vore omfattande i den gamle arbeidarbydelen. Etter kvart som planane om ein Baklandstangent tok form, starta kommunen å kjøpe opp boligeigedomar langs traseen. Bebuarar flytta ut og dei kommunale boligane vart ståande tomme og til forfall.



Mange stader hadde forfallen kome langt. Foto:
Adresseavisens arkiv

Striden om Bakklandet var ikkje hovudsakleg knytt til kulturminnevernet. Ei viktig grunngiving for vern av bydelen var ønsket om å ta vare på Bakklandet som eit attraktivt, sentrumsnært bustadområde.

Byen som eit sosialt miljø kom til å bli eit sterkare og sterkare synspunkt i byplandebatten og skapte ein ny og sterk allianse mellom eit akademisk orientert kulturminnevern og ei radikal miljørørsle. Det var derfor viktig å få fram at trass i forfallet hadde bydelen viktige sosiale og miljømessige kvalitetar. Det sosiale samhaldet vart her demonstrert med gatefestar.



Det sosiale samhaldet var viktig å vise fram. Foto:
Øhlander

Eit viktig virkemiddel i arbeidet med å verne bydelen, vart etter kvart husokkupasjonar. Dette var derimot eit kontroversielt virkemiddel som kom til å splitte

vernearbeidet. Sivil ulydighet og politiaksjonar kom til å prege avisoverskriftene. Men dermed vart vernearbeidet tydelegare i den offentlege debatten og flytta diskusjonen ut av dei lukka ekspertfora som karakteriserte den rådande regularistiske planlegginga, og ut i det offentlege rommet. I 1994 vart ein verneplan for Bakklandet vedtatt og i dag er bydelen blant dei mest attraktive i byen, ikkje minst på grunn av ei omfattande gentrifisering.



Bakklandet 2014 Foto: DK

Den breie alliansen som karakteriserte den kulturalistiske idéretninga, kom også tydeleg til uttrykk i ein ny konflikt mellom byutvikling og vern av bustadområdet Svartlamoen. Kommunen hadde vedtatt at området skulle utviklast som industriområde, og kjøpte systematisk opp og reiv dei gamle trehusa. Men dei husa som kommunen ikkje rakk å rive, vart okkupert og pussa opp av ungdom som var på jakt etter rimelege, sentrumsnære bustader. Området fekk etter kvart karakter av ein kreativ ungdomskultur. Det vart etter kvart lettare å argumentere for å ta vare på bydelen som eit viktig bidrag til mangfaldet i kulturlivet i byen enn å forsvare vern av Svartlamoen som eit bygningsverneprosjekt, så utarma som bydelen var blitt.

Alliansen mellom kulturaktørar og bygningsvernet kom tydeleg til uttrykk i Håkon Bleken og Håkon Gullvåg sitt veggmåleri på eit av dei rivingstrua bygningane.



Svartlamoen 2014. Veggmåleri av Håkon Bleken og Håkon Gullvåg. Foto: DK

Svartlamoen vart i 2001 sikra gjennom ein reguleringsplan som eit byøkologisk forsøksområde:

«... en alternativ bydel med stort rom for eksperimentering, forsøk og utprøving. Det gjelder både boliger, boformer, sosialt samspill, medvirkning, økologi og energi, kommunale tjenester, kunst, kultur og næringsutvikling»,

heiter det i reguleringsføresegne. På mange måtar representerte Svartlamoen det breie kulturalistiske perspektivet i byplantenkinga.

Dette kunne ha vore ein god avslutning – ein lukkeleg slutt på ei lang historie. Men vi bør nok avslutningsvis sjå på dei utfordringane trebyen Trondheim står overfor i dag.

Bygningsvernet i dagens planleggingsdiskurs

Som sagt kom Midtbyplanen til å representerete eit skifte i byplanlegginga i Trondheim med ei sterkare vektlegging av vernetanken. Mange byggesaker har i ettertid utfordra Midtbyplanen med omsyn til arealutnytting, byggjehøgder og ikkje minst tilpassing til trebykarakteren. I debatten etter den store bybrannen i Nordre gate i 2002, vart det reist spørsmål om kva rammer Midtbyplanen gav for den bygningen som skulle reisast på branntomta. Etter at bygningen stod ferdig vart den lansert som «*En vellykket nytolkning av Trondheim som treby*»



«*En vellykket nytolkning av Trondheim som treby*» ?
Foto: DK

I dag er kommunen i ferd med ein revisjon av Midtbyplanen for å legge til rette for ei meir effektiv arealutnytting i tråd med ønske om ei fortetting av eksisterande bystruktur. Etter mi oppfatning bør ein vere bekymra for kva dette vil bety for den sårbare trebyen.



Opponen Arbeiderpartiets kommunalråd Geir Wæge (t.v.) framstår i samspill med Odd Ingefors (t.h.) som begge har vært Midtbyens nye bygdekonsern.

Enige om å bygge høyere i Midtbyen

Arbeiderpartiets kommunalråd Geir Wæge mener politikerne i Trondheim har bestemt seg for å bygge høyere.

Wæge er ikke den eneste som mener dette. Det er også mange andre i byen som mener det.

Det er ikke noe som er spesielt mangelhetsmessig, mener Odd Ingefors fra Midtbyens nye bygdekonsern.

«Det er ikke et kvalitetsproblem,

men det er et prisproblem. Vi har

spesielt høye prisnivåer i Trondheim.

Det er ikke noe som er spesielt mangelhetsmessig, mener Odd Ingefors fra Midtbyens nye bygdekonsern.

«Det er ikke et kvalitetsproblem,

men det er et prisproblem. Vi har

spesielt høye prisnivåer i Trondheim.

Det er ikke noe som er spesielt mangelhetsmessig, mener Odd Ingefors fra Midtbyens nye bygdekonsern.

«Det er ikke et kvalitetsproblem,

men det er et prisproblem. Vi har

spesielt høye prisnivåer i Trondheim.

Det er ikke noe som er spesielt mangelhetsmessig, mener Odd Ingefors fra Midtbyens nye bygdekonsern.

«Det er ikke et kvalitetsproblem,

men det er et prisproblem. Vi har

spesielt høye prisnivåer i Trondheim.

Det er ikke noe som er spesielt mangelhetsmessig, mener Odd Ingefors fra Midtbyens nye bygdekonsern.

«Det er ikke et kvalitetsproblem,

men det er et prisproblem. Vi har

spesielt høye prisnivåer i Trondheim.

Det er ikke noe som er spesielt mangelhetsmessig, mener Odd Ingefors fra Midtbyens nye bygdekonsern.

«Det er ikke et kvalitetsproblem,

men det er et prisproblem. Vi har

spesielt høye prisnivåer i Trondheim.

Det er ikke noe som er spesielt mangelhetsmessig, mener Odd Ingefors fra Midtbyens nye bygdekonsern.

«Det er ikke et kvalitetsproblem,

men det er et prisproblem. Vi har

spesielt høye prisnivåer i Trondheim.

Det er ikke noe som er spesielt mangelhetsmessig, mener Odd Ingefors fra Midtbyens nye bygdekonsern.

«Det er ikke et kvalitetsproblem,

men det er et prisproblem. Vi har

spesielt høye prisnivåer i Trondheim.

Det er ikke noe som er spesielt mangelhetsmessig, mener Odd Ingefors fra Midtbyens nye bygdekonsern.

«Det er ikke et kvalitetsproblem,

men det er et prisproblem. Vi har

spesielt høye prisnivåer i Trondheim.

Det er ikke noe som er spesielt mangelhetsmessig, mener Odd Ingefors fra Midtbyens nye bygdekonsern.

«Det er ikke et kvalitetsproblem,

men det er et prisproblem. Vi har

spesielt høye prisnivåer i Trondheim.

Det er ikke noe som er spesielt mangelhetsmessig, mener Odd Ingefors fra Midtbyens nye bygdekonsern.

«Det er ikke et kvalitetsproblem,

men det er et prisproblem. Vi har

«Enig om å bygge høyere i Midtbyen» Faksimile fra Adresseavisen.

Med tanke på dei prosjekta som nå blir presentert av ein stadig sterkare gruppe av eideomsutviklarar kan det vere grunn til å rope ei VARSKO!